



Arkivnr: 2014/14645-135

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

## Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		21.02.2017

## Søknad om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak 2017

## Samandrag

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* vart det etablert ei ny tilskotsordning til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane. Ordninga har ei ramme på 2 mill kr i 2017. Bakgrunnen for tilskotsordninga er å styrke det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane. Tiltak som er høgt prioriterte i kommunane sine trafikksikringsplanar er ofte små tiltak som likevel kan vere av stor betydning. Det er ei målsetjing at denne tilskotsordninga skal vere med å løfte fram desse tiltaka. Det er utelukkande kommunar som kan søkje om tilskot til tiltak på kommunal eller fylkeskommunal veg. Målsetjinga er å få gjennomført enkle tiltak, utan store kostnader og innan kort tid.

Innan søknadsfristen den 1. januar var det kome inn 36 søknader frå totalt 16 kommunar. Ni av kommunane søkte om meir enn eitt tiltak. Totalt vart det søkt om tilskot på 5.418.300 kr, med ein totalkostnad for alle prosjekta på 8.215.000 kroner. Dei aller fleste tiltaka er på kommunal veg, og retter seg inn mot mjuke trafikantar, og ligg langs skuleveg/tettbygd strok. Det er i stor grad søkt om midlar til fortau, gangfelt, vegljøs og siktutbetring. I vurderinga av søknadane har Statens vegvesen hatt ei svært viktig rolle gjennom sin faglege analyse og kunnskap om trafikksikringstiltak på vegnettet.

## Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) vedtek fordeling av tilskotsmidlar til mindre fysiske trafikksikringstiltak 2017 slik det går fram av saksframlegget.

	Kommune	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 1	Haugland skole. Levering og henting.	175 000
2	AUSTEVOLL 4	Etablere fortau frå Fv til Selbjørn skule	84 000
3	BØMLO 2	Utbetre kryss ved Langevåg barnehage.	105 000
4	ETNE 1	Rekkverk Skånevik.	84 000
5	FITJAR 1	Gang og sykkelveg Kryss Koløyvegen-Øvrebygda skule.	175 000
6	FJELL	Fartshumpar og sikringstiltak vedv Fjæreidevegen. Veglys Blombakkane.	175 000
7	LINDÅS 2	Eidavegen mot Ostereidet. Forleng gangveg.	60 000
8	OS 1	Veglys Solbakken.	175 000
9	OS 2	Os barneskule. Av/påstigning. Oppmerking. Veglys. Fortau.	70 000
10	OSTERØY 1	Hauge. Fartsdempande tiltak. Fartshumpar og nedsett fartsgrense.	112 000
11	OSTERØY 4	Rekkverk Kalleklev.	147 000
12	SAMNANGER	5 nye lyspkt. Rydding av kratt og tre. Legge om drenering/overvann.	140 000
13	STORD 1	Kleivane. Intensivbelysning ved eksisterande opphøgde gangfelt.	105 000
14	SVEIO	3 lyspunkt på eksisterande stolpar langs kommunal veg.	42 000
15	VAKSDAL	Kantsikring Langhellevegen og Toskedalsvegen.	175 000
16	ØYGARDEN	Sprengje vekk ein berghammar, for å betre sikt i rundkøyring.	175 000
	OPPSUMMERT		1 999 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Alle søknader om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak 2017

## Fylkesrådmannen, 18.01.2017

### Bakgrunn

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* vart det etablert ei ny tilskotsordning til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane. Ordninga har ei ramme på 2 mill kr i 2017. Bakgrunnen for tilskotsordninga er å styrke det målretta trafikksikringsarbeidet i kommunane. Tiltak som er høgt prioriterte i kommunane sine trafikksikringsplanar er ofte små tiltak som likevel kan vere av stor betydning. Det er ei målsetjing at denne tilskotsordninga skal vere med å løfte fram desse tiltaka. Det er utelukkande kommunar som kan søkje om tilskot til tiltak på kommunal eller fylkeskommunal veg. Målsetjinga er å få gjennomført enkle tiltak, utan store kostnader og innan kort tid.

Til samanlikning kom det i 2016 inn 41 (29) søknader frå 18 (12) kommunar. Det vart tildelt tilskot til 15 (16) av tiltaka. Tala for 2015 i parentes.

### Kort om tilskotsordninga

Ordninga kan finansiere inntil 70 pst av godkjende kommunale og fylkeskommunale tiltak, og det vert kravd ein lokal eigenandel på minst 30 pst av tiltaket sin totale kostnad. Totalt kan ikkje tiltaket overskride 250.000 kr eks. mva. Forpliktande dokumentasjon på den lokale eigenandelen skal følgje søknaden. Vidare vert det sett krav til eigenandel og dekking av meirforbruk/overskridingar. Ved kostnadsreduksjon vert tilskotet 70 pst av dei reelle kostnadane. Ved søknad om tilskot til fleire tiltak frå ein kommune, må kommunen prioritere mellom tiltaka.

Grunnleggjande kriteria henta frå handlingsplanen:

- Ordninga vil vere basert på søknader frå dei enkelte kommunane til FTU.
- Tiltak må i utgangspunktet gjelde kommunal eller fylkeskommunal veg.
- Det vil vere krav om at kommunane har ei oppdatert trafikksikringsplan.
- Det vil vere krav om at tiltaka er planavklart eller eventuelt ikkje har behov for omfattande planavklaringar.
- Det vil vere krav om kommunal medfinansiering.

I vurderinga av søknadane har Statens vegvesen hatt ei svært viktig rolle gjennom sin faglege analyse og kunnskap om trafikksikringstiltak på vegnettet. I vurderinga av søknadane vart det lagt vekt på at tiltaka som søker delfinansiering frå tilskotsordninga skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikksikkerleiken. Det kan søkjast om midlar innanfor eit bredt spekter av tiltak, men tiltak som rettar seg inn mot mjuke trafikantar, i særleg grad born og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulukker vert særleg vektlagt ettersom dette er tiltak som er knytt til Hordaland fylkeskommune sine særskilte satsingsområde i denne planperioden.

### Om vurderinga av tilskotssøknadane

Totalt sett er det søkt om mange gode trafikksikringstiltak, og tilskotsordninga fungerer slik sett etter føremålet. Dei 36 ulike tiltaka er ulike både i type, omfang og kostnader. Dei aller fleste tiltaka er på kommunal veg, og rettar seg inn mot mjuke trafikantar, og ligg langs skuleveg/tettbygd strok. Det er i stor grad søkt om midlar til fortau, gangfelt, vegljøs og siktutbetring.

I Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune si vurdering av søknadane er det særleg lagt vekt på den trafikkfaglege delen av tiltaket, det vil seie effekten av trafikksikringstiltaket og om alle omsyn er teke med i planarbeidet, jf praktisk gjennomføring. Vidare har type tiltak vore ein del av vurderinga saman med tidsaspektet for gjennomføringa (byggeperioden). I vurderinga har det vore viktig å løfte fram dei tiltaka som vil gje best trafikksikringseffekt. Der kommunen har søkt om fleire tiltak, er det i stor grad teke omsyn til kommunen si prioritering.

Nokre av tiltaka omfattar ny skilting i området, og med det krav om skiltvedtak frå Statens vegvesen. Skiltplanane (og skiltinga) må vera i tråd med sentrale skiltnormalar. Statens vegvesen har skiltmynde for trafikkregulerande skilt også på kommunalt vegnett. Tiltak som omfattar ny skilting krev difor skiltvedtak frå Statens vegvesen. Godkjent skiltvedtak må leggest ved som dokumentasjon for utbetaling av tilskot.

## Tabelloversikt over søknadane

Nr.	Kommune/pri.	Kostnad	Søknadsbeløp	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 1	250 000	175 000	Haugland skole. Levering og henting.	175 000
2	ASKØY 2	250 000	175 000	Veglys ved skuler. Nytt og utskifting.	
3	ASKØY 3	220 000	175 000	Fjellsikring. Oksnes.	
4	AUSTEVOLL 1	110 000	77 000	Fagerbakke. Fartsreduksjon 30-sone og farts-humpar. Må sjåast i samanheng med nr 2 og 3.	
5	AUSTEVOLL 2	30 000	21 000	Fartsreduksjon. Fartsreduksjon. Må sjåast i samanheng med nr 1 og 3.	
6	AUSTEVOLL 3	60 000	42 000	Flytte busstopp. Må sjåast i samanheng med nr 1 og 2.	
7	AUSTEVOLL 4	120 000	84 000	Etablere fortau frå Fv til Selbjørn skule.	84 000
8	BØMLO 1	650 000	250 000	Opparbeiding av 2 busslommer. Fv 15 Grunnvåggen-Hestavollen.	
9	BØMLO 2	150 000	105 000	Utbetre kryss ved Langevåg barnehage.	105 000
10	BØMLO 3	250 000	175 000	Opparbeide fortau i busslomme ved Våge skule og opphøgde gangfelt. Fv 541.	
11	BØMLO 4	150 000	105 000	Opparbeide fortau og gangfelt på Stavland Fv 14.	
12	ETNE 1	120 000	84 000	Rekkverk Skånevik.	84 000
13	ETNE 2	130 000	91 000	Asfalt- og betongkant Asheimveien .	
14	FITJAR 1	250 000	175 000	Gang og sykkelveg Kryss Koløyvegen-Øvrebygda skule.	175 000
15	FITJAR 2	250 000	175 000	Gatebelysning Koløyvegen Kv 19.	
16	FITJAR 3	210 000	147 000	Fotgjengarovergang Fv 545 ved avkjørsel Fitjarstølane.	
17	FITJAR 4	229 000	160 300	Utbetring av siktsoner. Heiabrekko Fv 75.	
18	FJELL	280 000	196 000	Fartshumpar og sikringstiltak vedv Fjæreidevegen. Veglys Blombakkane.	175 000
19	FUSA	250 000	175 000	Bussrundkøyring i Sævareid.	
20	LINDÅS 1	320 000	224 000	Lonsvegen. Fortau, fartshump og veglys.	
21	LINDÅS 2	86 000	60 000	Eidavegen mot Ostereidet. Forlenging gangveg.	60 000
22	LINDÅS 3	350 000	245 000	Ostereide skule og kyrkja. Fortau m/m kyrkja og skulen.	
23	OS 1	250 000	175 000	Veglys Solbakken	175 000
24	OS 2	100 000	70 000	Os barneskule. Av/påstigning. Oppmerking. Veglys. Fortau.	70 000
25	OSTERØY 1	160 000	112 000	Hauge. Fartsdempande tiltak. Fartshumpar og nedsett fartsgrense.	112 000
26	OSTERØY 2	250 000	175 000	Hosanger. Veglys Hosanger sentrum til skule.	
27	OSTERØY 3	180 000	126 000	Rekkverk Vevle.	
28	OSTERØY 4	210 000	147 000	Rekkverk Kallelev.	147 000
29	RADØY	500 000	175 000	Manger sentrum. Oppattmerking og veglys.	
30	SAMNANGER	200 000	140 000	5 nye lyspkt. Rydding av kratt og tre. Legge om drenering/overvann.	140 000
31	STORD 1	150 000	105 000	Kleivane. Intensivbelysning ved eksisterande opphøgde gangfelt.	105 000
32	STORD 2	200 000	140 000	Klingenberg. Eksisterande kryssingfelt omgjort til opphøgde gangfelt og intensivbelyst.	
33	STORD 3	600 000	420 000	Litlabø skule. Fortau 110 meter. Utvida veg med bussrundkøyring.	
34	SVEIO	60 000	42 000	3 lyspunkt på eksisterande stolpar langs kommunal veg.	42 000
35	VAKSDAL	390 000	300 000	Kantsikring Langhellevegen og Toskedalsvegen.	175 000
36	ØYGARDEN	250 000	175 000	Sprengje vekk ein berghammar, for å betre sikt i rundkøyring.	175 000
		<b>8 215 000</b>	<b>5 418 300</b>		1 999 000

Av dei 16 kommunane er det ni kommunar som søker om meir enn eitt tiltak. Søknadssummane varierer frå 21.000 kr til 420.000 kr. Det vert opplyst at alle tiltaka kan gjennomførast innan 31.12.2017. Vidare er nær alle tiltak anten forankra i den kommunale trafikksikringsplanen, eller er eit tiltak i plan som er under rulling.

Sju av tiltaka fell i utgangspunktet ikkje inn under retningslinjene i og med at dei har ein total kostnad over 250.000 kr, men for to av desse er det søkt om fleire tiltak i ein søknad. Begge dei kommunane det her er snakk om har berre sendt inn den eine søknaden, og dette er teke omsyn til i vurderingane.

Som tabellen over viser så er totalt 16 av dei 36 tiltaka prioritert til å få tildelt tilskot. Desse tiltaka er vurdert

til å vere dei trafikksikringstiltaka som vil gje best mogleg effekt ut frå tilskotsordninga si ramme.

Ti av kommunane som søker om tilskot i 2017, fekk og tilsegn gjennom same tilskotsordning i 2016. Nokre av desse tiltaka er enno ikkje ferdigstilt. Dette gjeld tiltak i kommunane Austevoll og Osterøy. Det er gjort avtale med kommunane, og tilskotet vert utbetalt så snart tiltaket er ferdigstilt.

#### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Den faglege vurderinga av Statens vegvesen har vore svært viktig i dette arbeidet. Ut frå vurderinga som er gjort finn fylkesrådmannen at nær alle kommunane har ein eller fleire gode søknader, men det er likevel ikkje grunnlag for å tildele tilskot til alle kommunane.

Tiltaket som Fusa kommune søker om er etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje er eit godt nok trafikksikringstiltak. Tiltaket, som gjeld etablering av ei busstrundkøyring/finplanering av ein-sidig busslomme, har vore vurdert av fylkeskommunen tidlegare i andre fora, og er ikkje funne grunnlag for å gå vidare med. Vidare søker Radøy kommune om eit tiltak som har dobbelt så stor totalkostnad som det retningslinjene tilseier. Fylkesrådmannen rår difor til at kommunane Fusa og Radøy ikkje får tildelt tilskot.

Dei to søknadane frå høvesvis kommunane Fjell og Vaksdal fell i utgangspunktet utanfor retningslinjene ettersom begge har ein totalkostnad over 250.000 kr. Samstundes så søker begge desse kommunane om to ulike tiltak i same søknaden. Etter fylkesrådmannen si vurdering er desse søknadane så gode at det er grunnlag for å tildele tilskot på inntil 175.000 kr slik at ein kan etablere det eine av tiltaket i kvar kommune.

Fylkesrådmannen rår med det til at det vert tildelt tilskot til 16 tiltak, fordelt på 14 av dei 16 søknadskommunane. Dette inneber at to av kommunane; Os og Osterøy, får tildelt to tiltak kvar.

Det er totalt sett at 2 mill kr til denne ordninga i 2017, og fylkesrådmannen rår til at det vert tildelt midlar med ein total tilskotssum lik denne summen.